

Transport- og kommunikasjonskomiteen
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 Oslo
transport-kommunikasjon@stortinget.no

Statsbudsjettet 2023 - Midlar til rassikring av vegar. Uttale frå Fjordvegen

Fjordvegen Rute 13 er ein medlemsorganisasjon for Rv 13 som går mellom Stavanger og Sogndal. Fjordvegen Rute 13 arbeider for at denne vegen gjennom rassikringstiltak, oppgradering og auka vedlikehald skal verta ein trygg veg med gjennomgåande høg standard på heile strekninga.

Fjordvegen Rute 13 støttar uttale frå Nasjonal rassikringsgruppe som m.a. seier:

Behovet for rassikring av riks- og fylkesveger er enormt. Det er kartlagt behov på over 70 milliarder kroner for å rassikre riks- og fylkesvegane i Norge. I noen fylker vil det ta opp mot 120 år med dagens finansiering å sikre de farligste skredpunktene. Det er naturlig nok alt for lenge å vente på trygg skolevei eller næringsveg. Folks sikkerhet kan ikke være avhengig av hvem som eier vegen. Nasjonal rassikringsgruppe krever en kraftig opptrappingsplan. 2 milliarder kroner mer per år til rassikring av fylkesvegane fra neste års statsbudsjett, og samme satsing må gjøres for riksveiene.

En statlig incentivordning må innebære at Staten minimum dekker 50 % av grunninvesteringen, og 50 % av driftskostnadene de første 10-15 årene. Det bør settes av en årlig pott på 500 mill. kr til formålet, som kommer i tillegg til de ordinære skredsikringsmidlene.

I Regjeringen sitt forslag til Statsbudsjett er det en økning i satsing på rassikring til fylkene på 3,8% etter prisvekst. Det rimer dårlig med forventningene og behovet vi har for rassikring, blant annet på grunn av klimaendringene.

Rv 13 har med dagens modell for skredfaktorvurdering 34 definerte skredpunkt med høg eller middels risiko. Med den føreslegne ramme for rassikringstiltak må vegfarande langs denne vegen passera rasutsette punkt i uoverskueleg framtid. Den risiko og utryggheit som dette inneber er uakseptabel og påfører samfunnet store kostnader.

Nye Veier AS, som no har ansvaret for strekkja Skare - Sogndal har tinga rapport frå Menon "Velferdsgevinster ved utbedring av skredutsatte vegstrekninger". Denne rapporten konkluderer m.a. med at det medfører eit stort velferdstap å vera nøydd til å køyra på ein rasutsett strekning. Den samfunnsøkonomiske kostnaden over 40 år for strekkja mellom Skare og Hardangerbrua på Rv 13 om ein ikkje gjer tiltak er utrekna til 1,1 mrd. kr. Slik kan vi ikkje ha det !

Fjordvegen Rute 13 krev at ramma for rassikringsmidlar vert auka til 71 mrd for perioden fram til 2033 slik at alle definerte skredpunkt med høg eller middels skredfaktor kan sikrast i denne perioden.

Fjordvegen Rute 13 har gul midtstripe på heile Rv13 som eit langsiktig mål, men ber ikkje om dette langs heile strekkja frå Stavanger til Sogndal i den komande NTP-perioden. Vi ber berre om rassikker veg, stor nok vegbreidd til at køyretøy kan møtast utan stopp og rygging samt at heile strekkja er open og farbar heile året. Slik kan denne riksvegen verta den viktige livsnerva den skal vera for den indre delen av Vestlandet.

Kinsarvik, 26. oktober 2022

Med helsing
Fjordvegen Rute 13

Gerd Helen Bø
Styreleiar

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar

Kopi til:
Medlemer av Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget
Stortingsrepresentantar på Rogalandsbenken, Hordalandsbenken og
Sogn og Fjordanebenken
Nasjonal rassikringsgruppe v/ Jenny Følling, Bjørn Ove Hersdal og Marius Cramer